

FOKUSTEMA 6:

Inkludering i barnehagen – dei vaksne si rolle

Det pedagogiske arbeidet med inkludering har god kvalitet når;

Indikator 1:

Den vaksne legg til rette for eit godt leikemiljø.

- Eg skal skape eit felles VI gjennom samling og felles opplevingar – slik at barna har ei felles referanseramme for leiken og det blir lettare å inkludere fleire i leiken.

- Eg skal skape eit fysisk leikemiljø som inviterar til fellesleik gjennom;
 - Å vere ein leikeklok vaksen.
 - Å hente inspirasjon frå ulike kjelder
 - Å bruke udefinert materiell
 - Å skape stemning med lyd/lys.
 - Å ha fleire leiker av kvart sort.

- Eg skal kartlegge barnas interesser, og planlegge forbetring av leikemiljøet ut frå det.

Indikator 2:

Den vaksne har kunnskap om inkludering og jobbar med eigne haldningar.

- Eg skal sett meg inn i aktuell teori og skrive praksisfortellingar til avdelingsmøte, der eg skal reflektere rundt eigen praksis ilag med teamet mitt.

- Vi skal gi kvarandre tilbakemelding (+ og -) og rettleie kvarandre i kvardagen.